



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/76154-2

Dykkar referanse:
17/1037 – 17/6836

Vår dato:
12.06.2017

Uttale – Dispensasjon byggegrense – Etablering av turløype gnr. 45 bnr. 1 og 79 – Manger – Radøy kommune

Vi syner til brev mottatt 26.05.2017. Vi syner og til nabovarsel mottatt 22.02.2017.

Kva saka gjeld:

Radøy kommune ønskjer å anlegge ei turløype i Manger sentrum. Tiltaket ligg i samband med idrettsanlegg sentralt i Manger. Arealet er avsett til arealføremål «Park» jf. reguleringsplan for Manger sentrum (2008). Turløypa vil på det næraste ligge om lag 12 meter frå vegmidte.




Fig: Situasjonsplan tilsendt frå Arkoconsult 19.04.2017

Postadresse
Statens vegvesen
3 Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Saksgang:

Det er Radøy kommune som er rett planmynde og som avgjer søknader om dispensasjon frå godkjent reguleringsplan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Vurdering:

Føremålet med byggjegrænse langs veg er mellom anna omsynet til trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet, arealbehov ved utbetring av veg og miljøet langs vegen.

Deler av anlegget ligg langs fylkesveg 410. Fartsgrensa på fylkesvegen er 30 km/t og årstdøgertrafikk er 400. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)*. Det vil mellom anna seie at vegen har funksjon som lokalveg. Det er tilrettelagt med fortau på strekninga.

Det er opplyst at turløypa vert tilrettelagt og tilpassast eksisterande terreng, og det skal ikkje skytast eller sprengast i området. Med bakgrunn i tiltaket sitt føremål og karakter har vi ikkje vesentlege merknader til dispensasjonen. Tiltaket må likevel ikkje vere til hinder for framtidig utbetring av fylkesveg og tilhøyrande fortau.

Vidare saksgang:

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.